

Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 23.05.2018
Tidspunkt: 09:00-11:25

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Inge Fiskvik	Medlem	FFO
Kjell Søvik	Nestleiar	FFO
Harald Norheim	Medlem	SAFO
Kjell Gitton Håland	Leiar	A
May Eva Sandvik	Medlem	H
Nina Murberg	Medlem	FFO
Ingeborg Hordvik	Medlem	FL R/SV/SP/KRF

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Sigrid Næsheim Bjercke	Seniorrådgjevar, regionalavdelinga
Merethe Helland Nordnæs	Møtesekretær/jurist

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 16/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 17/18	Godkjenning av sakliste		
PS 18/18	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 19/18	Referatsak (meldingar)		
PS 20/18	Ymse		
RS 9/18	Møtereferat frå RMNF-AU Møte 27.04,2018	2016/34506	
RS 10/18	Regionreforma. Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane – Høyringssvar frå Hordaland fylkeskommune	2018/8146	
RS 11/18	Melding om opptak av Hordaland i tilskotsordning program for folkehelsearbeid i kommunane 2018	2018/9753	
RS 12/18	Parkering for funksjonshemma ved fylkeshuset	2017/485	
RS 13/18	Ad. endringar i regelverket for Transportordninga for funksjonshemma	2017/485	
RS 14/18	Utvida TT-ordning, invitasjon til å søka om midlar - invitasjon til høyringsuttale	2017/485	

RS 15/18	Referat frå møte med Havyard Design/Fjord 1 angående Universell Utforming av ferger den 27.04.2018	2017/485
RS 16/18	Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren	2018/211
RS 17/18	Justering av tilbodsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2018/2019	2017/16980
RS 18/18	Seminar - inkluderende idrettsliv	2017/485
PS 21/18	Høring av forslag til ny forskrift om pasientjournal	2017/485

PS 16/18 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 23.05.2018

Medlem Inge Fiskvik (FFO) bemerkta at det var mykje dokument å lese til dette møtet.

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent med merknaden ovanfor.

PS 17/18 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 23.05.2018

Vedtak

Sakslista vart godkjent utan merknader.

PS 18/18 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 23.05.2018

Vedtak

Møteprotokoll frå møte den 21.03.2018 vart godkjent utan merknader.

PS 19/18 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 23.05.2018

Referatsakene 9/18 – 13/18 vart refererte og tekne til orientering.

RS 14/18 Utvida TT-ordning, invitasjon til å søka om midlar – invitasjon til høyringsuttale. Rådsmedlemmane ønska kopi av søknaden som samferdselsavdelinga har sendt til Samferdselsdepartementet.

RS 15/18 Referat frå møte md Havyard Design/Fjord 1 angående Universell Utforming av av ferger den 27.04.2018: nestleiar Kjell Søvik orienterte kort om møtet.

Referatsakene 16/18 – 18/18 vart refererte og tekne til orientering.

PS 20/18 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 23.05.2018

Orientering:

UU i HFK og UU i Vest: Hvor er vi nå og hvor vil vi ? v/seniorrådgjevar Sigrud Næsheim Bjercke, regionalavdelinga.

Utvalsleiar orienterte kort om Landskonferansen for fylkeskommunale råd 2018. Konferansen vil finne stad på Scandic Hotell Hamar den 13. og 14. september 2018. Utvalsleiar oppfordra rådsmedlemmane til å melde seg på. Påmelding skjer via påmeldingskjemaet som er sendt frå Hedmark fylkeskommune. Fylkessekretariatet kan bestille fly og tog til Hamar, for rådsmedlemmane. Fylkessekretariatet må ha melding om dette **innan 1. august 2018**.

Utvalsleiar orienterte kort om RMNF sin økonomi.

Kjell Søvik (FFO) orienterte om SOR-Konferansen som han og Harald Norheim hadde deltatt på i mai, i Bergen.

PS 21/18 Høring av forslag til ny forskrift om pasientjournal

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil gje ein høyringsuttale til Helse- og omsorgsdepartementet kva gjeld forslag til ny forskrift om pasientjournal (pasientjournalforskriften.)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 23.05.2018

Håland (A) sette fram slikt forslag til høyring:

«Grunntanken bak endringsframlegget er den same som er nemnt i St.meld. 9 (2012-2013) «En innbygger – en journal». Helsepersonell skal ha rask og effektiv tilgang til naudsynte og oppdaterte pasientopplysningar, samstundes som personvernet vert ivareteken. Dette gjeld gjennom heile behandlingsforløpet uavhengig av kor i landet pasienten blir sjuk eller får behandling. For å sikre best mulig helsehjelp til kvar enkelt pasient er det avgjerande at relevante og naudsynte helseopplysningar er korrekt skrivne i pasienten sin journal. Alle som yter helsehjelp har plikt til å føre journal.

RMNF i Hordaland støtter Helse- og omsorgsdepartementet sitt framlegg til ny forskrift om pasientjournal (pasientjournalforskriften)».

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedten.

Vedtak

Grunntanken bak endringsframlegget er den same som er nemnt i St.meld. 9 (2012-2013) «En innbygger – en journal». Helsepersonell skal ha rask og effektiv tilgang til naudsynte og oppdaterte pasientopplysningar, samstundes som personvernet vert ivareteken. Dette gjeld gjennom heile behandlingsforløpet uavhengig av kor i landet pasienten blir sjuk eller får behandling. For å sikre best mulig helsehjelp til kvar enkelt pasient er det avgjerande at relevante og naudsynte helseopplysningar er korrekt skrivne i pasienten sin journal. Alle som yter helsehjelp har plikt til å føre journal.

RMNF i Hordaland støtter Helse- og omsorgsdepartementet sitt framlegg til ny forskrift om pasientjournal (pasientjournalforskriften)».